

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Ottar Myrtveit	FA-K46	22/74

Saknr	Utval	Type	Dato
025/2022	Teknisk utval	PS	06.09.2022

Kvotefri avskyting av hjortekalv i Masfjorden 2022

Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Informasjon til kommuner om mulighet for kvotefri avskyting av (L)(221088)	25.08.2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vald som har skote tildelt kvote innan **01.11.2022**, får tildelt kvotefri avskyting av kalv. Kommunen skal ha melding frå valdleiar før denne dato for registrering. Kommunen skal orienterast saman med fellingsrapporten om tal og kjønn på skotne kalvar, samt skrapdyr.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Miljødirektoratet har etter påtrykk frå mange kommuner opna for mulighet for kvotefri avskyting av hjortekalv for komande jaktår.

Fakta

Årsaka til at det er opna for dette er dei store konfliktane mange stader med hjort som gjer skade på innmark og skog. Kommunane har ikkje auka tildelinga nok til at stammen flatar ut eller vert redusert. Tvert i mot er stammen på vestlandet no rekordstor og det trengst kraftfulle tiltak. Her i fylket har det skjedd ei omlegging dei siste par åra med meir tildeling av kalv og produksjonsdyr. Utover dette er det ein del kommunar som har opna for felling av skrapdyr som kalv under td 18 kg.

Vurdering

I Masfjorden vart det ikkje søkt innan fristen 10.08.22, men litt etter då det forsatt var mogeleg. TU har med avskytingsprofilen: 30% kalv, 20% 1 ½ årskoller, 30% koller, 10% 1 ½ årsbuk og 10% bukk, allereie ei fordeling som som vil redusera stammen. Med skrapdyr i tillegg er ikkje behovet spesielt stort for å innføra fri kalveskyting spesielt ikkje utan nokon begrensningar eller kriterier. Der

hjorteskadane er størst, og valdet syner at dei tek ut kvoten, bør ein opna for kvotefri avskyting av kalv. For at ikkje fordelingsnøkkelen som er vedteken i TU skal bli for mykje feil, bør valda først og fremst skyta tildelt kvote. Om det syner seg at det er for lite, vert det gjeve tillatelse til kvotefri kalveskyting. Da har ein kontroll på at ikkje store områder avvik for mykje frå ynskt avskytingsprofil. Ordninga med kvotefri kalveskyting har mindre å sei for redusering av stammen i Masfjorden enn der kalveprosenten ligg på 20% og produksjonsdyr på 40%. Masfjorden vil såleis styra reduseringa av stammen gjennom den ordinære tildelinga, men uttak av skrapdyr samt kvotefri kalv er med og forsterkar denne effekten. Då omlegginga i tildelingar i mange kommunar, samt nemnde ordning kjem samstundes, må jaktåret 2022 evaluerst nøye for å sjå korleis dette sler ut. At det fungerer veit ein frå forskning både innlands og spesielt utanlands. Difor bør ein ikkje ha for drastiske tiltak heller då stammen kan få ein for knekk i staden for ei meir styrt utvikling. Hjortejakta er ein stor resurs som kan utnyttast enno meir enn i dag og i Masfjorden vil ha samstundes ha ei optimal forvaltning der landbruket ikkje vert for skadelidande. Med alle desse tiltaka bør Masfjorden kunna sjå effekt av den forvaltninga ein ynskjer innan få år.

Konklusjon

Kvotefri kalv vert tildelt valda som skyt kvoten innan 01.11.2022. Dette vert gjort for ha eit uttak i samråd med uttaket som er turvande i kommunen for å få redusering i stammen.

Teknisk utval - 025/2022

TU - behandling:

Vald som har skote tildelt kalvekvote, får tildelt kvotefri avskyting av kalv. Kommunen skal ha melding frå valdleiar for registrering. Kommunen skal orienterast saman med fellingsrapporten om tal og kjønn på skotne kalvar, samt skrapdyr.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

TU - vedtak:

Vald som har skote tildelt kalvekvote, får tildelt kvotefri avskyting av kalv. Kommunen skal ha melding frå valdleiar for registrering. Kommunen skal orienterast saman med fellingsrapporten om tal og kjønn på skotne kalvar, samt skrapdyr